

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 10.03.18
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Fullmakter i utbyggingsprosjekt**

STYRESAK: 22/18

STYREMØTE: 04.04.18

3 vedlegg.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner fullmaktstruktur for utbyggingsprosjektet ved Haugesund sjukehus
2. I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjektet skal alle kontraktar over 300 millionar kroner leggast fram for styret i helseføretaket for godkjenning før kontrakt blir signert av administrerande direktør

Oppsummering

Byggeprosjektet ved Haugesund sjukehus har i 2017 gått frå tidlegfase til byggefase. Byggearbeida starta i januar 2018.

Administrerende direktør informerte styret i sak 6/18 om gjeldande fullmaktsregime for utbyggingsprosjektet for Haugesund sjukehus. Styret i Helse Fonna HF tok informasjonen til vitande.

Styret i Helse Vest RHF handsama i sak 40/18 ei sak om fullmakter i utbyggingsprosjekt. Administrerende direktør vurderer at det noverande fullmaktsregimet varettek momenta i Helse Vest si styresak bortsett i frå punktet om at kontraktar over 300 MNOK skal leggjast fram for styret for godkjenning før signering. Prosjektdirektør i Helse Fonna har pr. i dag fullmakt inntil 100.000 kroner. Styret i Helse Fonna har tatt stilling til enterprise- og kontraktsstrategi, og har i sak 6/18 tatt til vitande rapportering til styret i prosjektet. Administrerende direktør har i forkant av saka tatt kontakt med Helse Vest for å avtale rapportering til eigar i prosjektet.

Bakgrunn for saka

I april 2017 gjorde styret i Helse Fonna HF følgjande vedtak i sak 22/17 Forprosjekt Haugesund sjukehus:

- 1. Styret i Helse Fonna HF tek rapporten frå forprosjektet med vedlegg til etterretning*
- 2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner at forprosjektet blir lagt til grunn for innhenting av anbod og byggstart*
- 3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende førebu utlysing av enterprise for grunnarbeider og byggjegrop, og informere styret før utlysing skjer*
- 4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtak og forprosjektrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming*
- 5. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør halde styret i Helse Fonna HF løypande informert om det vidare arbeidet*

Styret i Helse Vest RHF handsama forprosjektrapporten på styremøte 11.05.17 og gjorde følgjande vedtak:

- 1. Under føresetnad av at det blir gitt statleg lånefinansiering godkjenner styret i Helse Vest at forprosjekt for utbygging av byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus blir lagt til grunn for å hente inn anbod og starte utbygging.*
- 2. Kostnadsramma for byggetrinn 1 med ombygging blir sett til 1,8 mrd. kr.*
- 3. Byggetrinn 2 ligg lenger fram i tid og må behandlast som eiga sak.*

Administrerende direktør har valt å ha same styringsgruppe for byggeprosessen etter at prosjektet har gått frå tidlegfase til byggefase. I styringsgruppa er mellom anna toppleiargruppa i føretaket representert saman med tillitsvalde, vernetenesta, bedriftshelsetenesta og brukarane.

Fullmaktsmatrise for prosjektdirektør og andre tilsette i prosjektet blei lagt fram for administrerende direktør, gjennomgått i styringsgruppa og signert etter at sjølve byggefasen starta. Fullmaktsmatrisen var lagt ved sak 6/18 som styret i Helse Fonna handsama i januar 2018.

Prosjektdirektør kan bestille varer og tenester med omfang inntil 100.000 kroner. Administrerende direktør anviser alle innkjøp og signerer alle avtalar.

Det er utarbeidd egne prosedyrer for samarbeid med Sykehusinnkjøp for bistand i utstys og IKT anskaffingar som er lagt ved saka. Sykehusbygg gir råd i konkrete problemstillinger både kontraktuelt og ved endringshandtering og blir brukt til sidemannskontroll av tilbodsgrunnlag.

Prosjektdirektør har regelmessige (ein gang i veka) møter med administrerende direktør kor framdrift og aktuelle problemstillingar blir gjennomgått. Det blir ført referat frå møta. Avvik på framdrift, kvalitet og kostnadar blir tatt opp. Dette blir og rapportert til styringsgruppa.

På styremøta i Helse Fonna HF møter prosjektdirektør og går mellom anna gjennom status for arbeidet samt aktuelle problem og tiltak.

Administrerende direktør rapporterer særskild på forbruk og prognose for økonomi i byggeprosjektet i verksemdsrapporteringa til styret.

I sak 41/17 28.04.17 gjekk administrerende direktør gjennom enterprise og utkast til tilbodsgrunnlag for første delenterprise (byggegrop).

Styret gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Fonna HF gjer si tilslutning til framlagte tilbodsgrunnlag for grunnarbeid og byggjegrop med dei innspel som kom fram i styremøtet.*
2. *Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør lyse ut tilbodsinvitasjon etter at styret i Helse Vest RHF har godkjent vidareføring av prosjektet*
3. *Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør ta atterhald om finansiering i statsbudsjettet for 2018 i utlysing av tilbodsinvitasjon*

Styret i Helse Fonna HF fekk òg 24.05.17 tilsendt tilbodsgrunnlaget for gjennomsyn på e-post. Det kom ingen innvendingar til tilbodsgrunnlaget.

Styret i Helse Fonna HF blei informert om dei vurderingar som var gjort før signering av kontrakt for første delenterprise (byggegrop). Kontrakten for byggegrop blei signert 22.11.17 av administrerende direktør, deretter elektronisk signert av Sykehusinnkjøp 23.11.17 og av entreprenør 27.11.17.

Prosessdokument for byggeprosessen blei lagt fram for styret i Helse Fonna 29.09.17 i sak 59/17. I dokumentet blir ansvarstilhøve og organisering av arbeidet, tidsplan, enterpriseform

for dei ulike delenterprisene, retningsline for kostnadsstyring, fullmaktskart, kvalitetssikring, omtale av usikkerheitsvurdering, risikovurderingar og sentrale element i plan for ferdigstilling gjennomgått.

Eiga sak om anskaffingsprosedyre for totalentreprise B02 (bygningsskropp) blei lagt fram for styret i Helse Fonna HF 26.10.17 i sak 71/17.

Styret vedtok å gi si tilslutning til anskaffingsprosedyren. Det er venta at kontrakt for totalentreprise for bygningsskropp kan vere klar for signering like før eller etter sommaren 2018.

Prosjektdirektør gjorde i sak 8/18 greie for status i prosess for kontrakt for B02 (bygningsskropp).

Administrerende direktør vil halde styret i Helse Fonna løypande informert om status for arbeidet samt kvalitet, økonomi og framdrift.

Løypande rapportering til styret vil innehalde:

- Kort status om arbeidet
- Omtale av avvik og korrigerande tiltak ved eventuelle avvik i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet
- Oppdatert sluttprognose for fasen og totalprosjektet
- Spesielle problem og tiltak
- Brukarmedverknad, status og samarbeid
- HMS
- Informasjonsarbeid
- Hovudaktivitetar neste periode

Vedlegg

1 Styresak 40/18 Helse Vest RHF

2 Brev frå Helse Vest RHF, dagsett 10.03.18

3 Oppdatert fullmaktsmatrise

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 28.02.2018
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Fullmakter i utbyggingsprosjekt**

ARKIVSAK: 2017/1174
STYRESAK: **040/18**

STYREMØTE: **07.03. 2018**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjekt skal alle kontraktar over NOK 300 millionar leggjast fram for styret i helseføretaket for godkjenning før kontrakt blir signert.
2. Styret i helseføretaka skal ved oppstart av gjennomføringsfasen for det enkelte prosjekt ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa skal bli sett lågare enn NOK 300 millionar, og gjennom vedtak i det enkelte prosjekt fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør.
3. Prosjektdirektør kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.
4. Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret i helseføretaket ta konkret stilling til entrepris- og kontraktstrategi og få seg førelagt plan for løpande rapportering til styret.
5. For det enkelte utbyggingsprosjekt må det avklarast med Helse Vest RHF kva undervegs rapportering og sluttrapportering det skal vera til eigar.

Oppsummering

I tidlegfaseperioden i byggeprosjekt er det gitt retningslinjer /føringar for det enkelte helseføretak for korleis planprosessen og forankring til eige styre, eigar og Helse- og omsorgsdepartementet skal skje. For den etterfølgjande gjennomføringsperiode fram til endeleg byggeslutt, er det ikkje utarbeidd spesifikke føringar eller fullmakter og i praksis er det då lagt til grunn at administrerande direktør har fullmakt til å gjennomføre prosjektet innanfor dei rammer som er sett.

Sjølv om denne fullmakta er gitt innanfor klåre rammer og med føresetnad om at spesifikke føringar skal følgjast, vil det vere i denne fasen helseføretaket tek på seg størst risiko og at dei største kostnadene ved gjennomføring av byggeprosjektet kjem. På denne bakgrunn blir det tilrådd at det blir etablert ein generell fullmaktsgrense for gjennomføringsfasen, og at kontraktar over NOK 300 millionar alltid skal leggjast fram for helseføretaksstyret for godkjenning før kontrakt blir signert.

Styret i helseføretaket skal ved oppstart av gjennomføringsfasen ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa i det enkelte prosjekt skal bli sett lågare, og fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør til å inngå økonomiske forpliktingar og gjere økonomiske disposisjonar. Prosjektdirektør kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.

Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret i helseføretaket alltid ta stilling til entreprise- og kontraktstrategi og også få seg førelagt plan for løpande rapportering til styret som minimum skal innehalde:

- Kort status om arbeidet
- Omtale av avvik og korrigerande tiltak ved eventuelle avvik i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet
- Oppdatert sluttprognose for fasen og totalprosjektet
- Spesielle problem og tiltak
- Brukarmedverknad, status og samarbeid
- HMS
- Informasjonsarbeid
- Hovudaktivitetar neste periode

Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte 21. juni 2017 forprosjekt for Stavanger universitetssjukehus 2023, jf. sak 073/17. I tilknytning til saka blei det bedt om at fullmaktsregime rundt byggeprosjekt blei gjennomgått, og at administrerande direktør kom attende til styret med eit forslag som kan leggjast til grunn for alle byggeprosjekt.

Helse Vest RHF har i styrevedtak av 10. februar 2016 fastsatt «Prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekter.» Denne prosedyren skal saman med tidlegfaserettleiaren for sjukehusprosjekt leggjast til grunn for alle byggeprosjekt i Helse Vest.

Ny rettleiar for tidlegfasen blei godkjent av styret i styremøte 7. september 2017, sak 89/17. Rettleiaren byggjer på etablerte styringsmodeller og system for investeringar i helseføretaka samt krav og styringssignal gitt i føretaksmøter og i oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka. Både i sjølve rettleiaren og i «Prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekter» er det lagt opp til at rettleiaren blir brukt så langt det er hensiktsmessig for det aktuelle prosjekt.

Tidlegfasen omfattar dei fasane eller trinn som eit identifisert utviklings- eller utbyggingsbehov må gjennom for å bli utvikla til eit fullverdig byggeprosjekt. Tidlegfaserettleiaren gjeld fram til og med avgjerdspunkt B4 – det vil seie godkjenning av forprosjekt og føringar vidare. Når B4 er passert starter gjennomføringsfasen som vil omfatte funksjonsprosjektering /detaljprosjektering og bygging.

Sjølv om «Prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekter» i utgangspunktet gjeld for heile byggeprosessen, omhandlar den oppsette fullmaktstruktur på same måte som tidlegfaserettleiaren, berre perioden fram til og med godkjenning av forprosjektrapporten.

I «Prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekter» er det fastsatt følgjande fullmaktsstruktur:

1) Prosjekt/kontrakter under 50 mill. kroner

Det enkelte HF har selv ansvar og myndighet til å beslutte gjennomføring av prosjektet.

2) Prosjekter/kontrakter over 50 mill. kroner

Prosjekter/kontrakter over 50 mill. kroner skal forelegges styret til Helse Vest RHF til godkjenning etter gjennomført forprosjekt. Helseforetaket skal ta initiativ til å etablere styringsdialog mellom HF og RHF før oppstart av forprosjektet.

3) Prosjekter/kontrakter over 100 mill. kroner

Prosjekter/kontrakter over 100 mill. kroner skal fremlegges styret i Helse Vest RHF til godkjenning både etter gjennomført konseptfase og etter forprosjekt. Helseforetaket

skal ta initiativ til å etablere styringsdialog mellom HF og RHF før oppstart av konseptfasen.

4) Prosjekter/kontrakter over 500 mill. kroner

Prosjekter/kontrakter over 500 mill. kroner skal fremlegges styret i Helse Vest RHF til godkjenning etter gjennomført idefase, konseptfase og forprosjekt. I tillegg skal det gjennomføres ekstern kvalitetssikring av konseptvalg (KSK). Denne skal bekreftes gjennomført. Helseforetaket skal ta initiativ til å etablere styringsdialog mellom HF og RHF i forbindelse med idefasen.

Helse Vest RHF skal forelegge prosjekter over 500 mill. kroner for departementet etter gjennomført konseptfase og før forprosjekt.

I gjennomføringsfasen skal dei avgjersler som ligg til grunn for godkjenning av forprosjektet gjennomførast. Det vil vere i denne perioden at dei største kostnadane kjem. Hovuddelen av desse kostnadane vil relatere seg til inngåing av ulike entreprisekontraktar.

Til forskjell frå tidlegfaseperioden er det for gjennomføringsfasen ikkje utarbeidd ein generell rettleiing eller fastsatt retningslinjer frå Helse Vest RHF. I utgangspunktet er derfor helseforetaket ved administrerande direktør gitt fullmakt til å gjennomføre prosjektet innanfor den kostnadsramme/styringsmål som er sett, og administrerande direktør vil ha fullmakt til å inngå alle nødvendige kontraktar utan at desse treng bli underlagt styrebehandling korkje i det einskilde føretak eller av styret i det regionale føretaket.

Kommentarar

Forprosjektrapporten vil innehalde vurderingar knytt opp til kva entreprisemodellar som er aktuelt å nytte i byggefasen. Sjølv om grunnlaget for den fullmakt som er gitt administrerande direktør i gjennomføringsfasen er blitt til etter grundige og omfattande utgreiingar og analysar og med føringar for den vidare handteringa som også omfattar entreprisestrategien, kan det ved inngåing av enkeltståande kontraktar av stort omfang vere gode grunner for at avgjersla blir forankra/godkjent før kontrakt blir signert. Det vil samsvare med ansvarsposisjon, plassere risiko på rett nivå og tilføre kvalitetssikring på avgjersler knytt til inngåing av kontraktar som er avgjerande for byggeprosjektet både med omsyn til kvalitet, framdrift og økonomi. Eit moment i tilknytning til dette er også at sjølv om det er administrerande direktør som er gitt fullmakt, vil sjølve anskaffingsprosessen og kontraktsforhandlingane for dei store prosjekta kunne bli utført av tilsette i prosjektorganisasjonen for det aktuelle byggeprosjekt. Desse vil ofte kunne vere tilsett i Sjukehusbygg HF.

Styret i helseforetaket har det overordna ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Det tilseier at avgjersler av ein viss storleik bør vere forankra og godkjent i styret. Helse Vest RHF

som eigar har ikkje det same behovet, ettersom gjennomføring av prosjektet skal skje med grunnlag i dei føringar/rammer som Helse Vest RHF har gitt ved godkjenning av forprosjektet. Det må likevel understrekast at det for det enkelte prosjekt er naturleg at det blir avklart med Helse Vest kva undervegs rapportering og sluttrapportering det skal vera til eigar.

I og med at det også for administrerande direktør og prosjektorganisasjonen er lagt detaljerte føringar for gjennomføringsfasen, vil det vere naturleg at det er avgjersler/kontraktar av eit visst omfang og med størst konsekvens som skal leggjast fram for styret i helseføretaket. Ei anna løysing vil kunne føre til at fullmaktsregime i for stor grad vil påverke framdrifta i prosjektet samt gi styret ei unødvendig arbeidsbelastning. På denne bakgrunn vil det bli tilrådd at det er dei største kontraktane som må leggjast fram for styret til godkjenning.

Kva kontraktar som skal reknast som «dei største» vil avhenge av storleik på prosjektet, og det kan vere vanskeleg å gi ein eksakt grunngeving for kor nivået bør leggjast. Problemstillinga har vore drøfta med helseføretaka. Det er brei semje kring at det bør etablerast ein slik fullmaktsgrense, og det blir tilrådd at det ved inngåing av enkeltstående kontraktar på over NOK 300 millionar skal styret i det aktuelle helseføretak alltid gi sin godkjenning før endeleg kontrakt blir inngått.

Samstundes blir det tilrådd at styret i helseføretaket ved oppstart av gjennomføringsfasen skal ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensen bør bli sett lågare, og fastsette endeleg fullmaktsgrense for det enkelte prosjekt for administrerande direktør til å inngå økonomiske forpliktingar og gjere økonomiske disposisjonar. Styret bør ved vurderinga sjå hen til storleik på prosjektet og risiko. Det vil ved denne vurderinga også vere aktuelt å sette ein lågare fullmaktsgrense for dei første kontraktane som blir inngått. Dette fordi det vil vere på dette tidspunktet det vil vere størst moglegheit for å gjere nødvendige korrigeringar, til dømes dersom resultatata av dei første anboda gir signal om at det kan bli krevjande å nå styringsmålet for prosjektet.

Styret bør også ha eit syn på entreprisestrategi og kva slags kontraktar som skal nyttast. I tillegg til at alle kontraktar over NOK 300 millionar skal leggjast fram for styret, bør det derfor bli stilt krav om at entreprise-/kontraktsstrategi er behandla av styret før dei første anboda går ut.

Styret skal vidare sjå til at administrerande direktør fastset fullmaktsgrenser for prosjektorganisasjonen. Prosjektdirektør kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.

Fullmaktsgrensen på NOK 300 millionar vil berre gjelde for kontraktar om varer og tenester. Ved byggeprosjekt som også inkluderer kjøp av fast eigedom til tomt, der inngåing av kontrakt ikkje har blitt sjølvstendig behandla tidlegare, som eigen sak eller som del av forprosjektet, gjeld det fullmaktsregime som er omhandla i «Prosedyre for beslutning og

gjennomføring av investeringsprosjekter», med dei der nemnde beløpsgrenser for egedomskjøpet.

Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret i helseføretaket også få seg førelagt plan for løpande rapportering til styret som minimum skal innehalde:

- Kort status om arbeidet
- Omtale av avvik og korrigerande tiltak ved eventuelle avvik i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet
- Oppdaterte sluttprognose for fasen og totalprosjektet
- Spesielle problem og tiltak
- Brukarmedverknad, status og samarbeid
- HMS
- Informasjonsarbeid
- Hovudaktivitetar neste periode

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at det i gjennomføringsfasen i byggeprosjekt blir lagt til grunn at kontraktar som overstig NOK 300 millionar alltid skal leggjast fram for styret i helseføretaket til godkjenning før kontrakt blir signert.

I tillegg blir det lagt til grunn at styra alltid skal gjere ein konkret vurdering av fullmaktsgrensa, sikre seg at det blir etablert eit fullmaktsregime for prosjektorganisasjonen og ein plan for løpande rapportering til styret.

Styret skal i tillegg alltid behandle den entreprise-/kontraktstrategi som skal nyttast i prosjektet.

Helse Fonna HF
Postboks 2170
5504 Haugesund

14 MAR 2018

| | | | |
|--------------------|-----------------------|--------------------------|--------------|
| Dykkar ref: | Vår ref: | Sakshandsamar: | Dato: |
| | 2017/1174 - 1312/2018 | Ivar Eriksen 51 96 38 14 | 10.03.2018 |

Fullmakter i utbyggingsprosjekt

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte 7. mars 2018 sak om fullmakter i utbyggingsprosjekt (ref. styresak 040/18). Kopi av styresaka følger vedlagt.

Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. *I gjennomføringsfasen av utbyggingsprosjekt skal alle kontraktar over NOK 300 millionar leggjast fram for styret i helseføretaket for godkjenning før kontrakt blir signert.*
2. *Styret i helseføretaka skal ved oppstart av gjennomføringsfasen for det enkelte prosjekt ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa skal bli sett lågare enn NOK 300 millionar, og gjennom vedtak i det enkelte prosjekt fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør.*
3. *Prosjektdirektør kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.*
4. *Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret i helseføretaket ta konkret stilling til entrepris- og kontraktstrategi og få seg førelagt plan for løpande rapportering til styret.*
5. *For det enkelte utbyggingsprosjekt må det avklarast med Helse Vest RHF kva undervegs rapportering og sluttrapportering det skal vera til eigar.*

Helse Vest ber om at helseføretaka legg vedtaket til grunn i pågåande og framtidige utbyggingsprosjekt. Vi viser elles til omtale i Styringsdokumentet for 2018 pkt. 4.1.4.

Vennleg helsing

Ivar Eriksen

Ivar Eriksen
eigardirektør

Vedlegg: Styresak 040/18 Fullmakter i utbyggingsprosjekt

Fullmakts matrise ByggHgsd2020 gjeldende for 2018, datert 09.03.18

| Navn | Konkurransesgrunnlag | Kontrakter | Endringer i prosjektet | Bestillinger | Faktura | Prosjektstyringsystem |
|---------------------|---|--|---|---|--|---|
| Olav Klausen | Beslutter | Beslutter. Kontrakter over 300 mill legges fram for styret i helseforetaket for godkjenning før kontrakt blir signert. | Beslutter endringer over 100.000 | Innvilger bestillinger over 100.000 | Anviser alle faktura | Tilgang Godkjenner rapporter før innsending styret og Helse Vest |
| Laila Nemeth | Sikrer, legger fram for OK for beslutning | Sikrer, legger fram for OK for beslutning | Varsler tidligst mulig til OK, legger fram for beslutning Endringer i prosjektet som ligger i kostnads kalkyle med sum under 100.000 kan besluttes av LN | Sikrer, legger fram for OK for beslutning. Bestillinger i prosjektet som ligger i kostnads kalkyle med sum under 100.000 kan besluttes av LN | Attesterer alle faktura | Tilgang, bruker tall fra prosjektstyringsystem til daglig styring og ledelse samt beslutningstaking og dialog med OK Utarbeider rapport til styret og Helse Vest |
| Bernt N Bjordal | Utarbeider | Utarbeider og følger opp, rapporterer til LN | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN Samler inn fra resten av organisasjonen og rapporterer på samla endringer til LN Holder kontroll på endringslogg | Kan bestille etter avklaring med LN | Sjekker faktura og konterer i samarbeid med PH på rett prosjektnummer Sørger for at KH får riktige tall fra systemet til prosjektstyringssystemet | Tilgang. Rapporterer riktige tall til KH som legger inn i styringssystemet Utarbeider samlet månedsrapport til LN |
| Kjersti Hallingstad | | | Får varslet alle endringer fra BNB og legger dette inn i prosjektstyringsystemet | Får varslet alle bestillinger fra BNB og legger dette inn i prosjektstyringsystemet | Får riktige tall fra BNB til å oppdatere prosjektstyringsystemet med | Tilgang. Legger inn riktige oppdaterte tall i styringssystemet. Bidrar til månedsrapporten |

Fullmakts matrise ByggHgsd2020 gjeldende for 2018, datert 09.03.18

| | | | t | t | | Ansvar for at prosjektstyringssystemet til enhver tid er oppdatert |
|-----------------|---|---|--|---|---|---|
| Vidar Støyva | Bidrar | Bidrar | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN Leverer konkrete endringer med kostnad fortløpende til BNB | Kan bestille etter avklaring med LN Melder bestillinger til BNB for oppdatert styringssystem | Ingen fullmakt Bistår BNB ved realitetsvurdering av faktura | Ingen tilgang |
| Geir Søndena | Bidrar særlig ansvar for kvalitet på utstyrspakkene | Bidrar særlig ansvar for kvalitet på utstyrspakkene | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN Leverer konkrete endringer med kostnad fortløpende til BNB | Kan bestille etter avklaring med LN Melder bestillinger til BNB for oppdatert styringssystem | Sjekker faktura og konterer faktura utstyr i samarbeid med BNB | Ingen tilgang |
| Kenneth Førland | Bidrar og sikrer kvalitet på IKT | Bidrar og sikrer kvalitet på IKT | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN Leverer konkrete endringer med kostnad fortløpende til BNB | Kan bestille etter avklaring med LN Melder bestillinger til BNB for oppdatert styringssystem | Fører oversikt over bestillinger til HVIKT. Mottar mndl rapport fra HVIKT på utstyr/løsningssinnkjøp og melder dette videre til BNB Konsulenttimer IKT kommer som egen faktura og belastes 610505 og konteres av BNB. Kenneth bidrar til fakturasjekk | Ingen tilgang Helse Vest rapporterer månedlig på kostnader på utstyr som føres som investering i HVIKT.KF videresender denne til BNB og KH mndl for riktige tall i prosjektstyringssystemet |
| Even Grov | Bidrar | Bidrar | Varsler tidligst mulig om evt endringer til Bjordal som igjen tar dette med LN og oppdaterer logg | Ingen bestillingsfullmakt | Ingen fullmakt Bistår BNB ved realitetsvurdering av faktura | Ingen tilgang |

Fullmakts matrise ByggHgsd2020 gjeldende for 2018, datert 09.03.18

| | | | | | | |
|------------------|-----------------------------------|---|--|---|--|--|
| Per Olav Oddenes | Bidrar til utarbeiding av forslag | Bidrar til utarbeiding av forslag | Varsler tidligst mulig om evt endringer til VS som igjen tar dette med LN. VS sender videre info til BNB som oppdaterer endringslogg | Ingen bestillingsfullmakt | Ingen fullmakt Bistår BNB ved realitetsvurdering av faktura | Ingen tilgang |
| Frida Alvestad | | | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN | Kan bestille etter avklaring med LN Melder bestillinger til BNB for oppdatert styringssystem | Ingen fullmakt Bistår BNB ved realitetsvurdering av faktura | Ingen tilgang |
| Pia Haukås | | | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN | Ingen bestillingsfullmakt | Bistår BNB med fakturaoppfølging og nødvendige rapporter. Varsle om evt feil straks | Bistår BNB og KH med riktige tall fra Regnskapssystem og økonomisystem |
| Åse Lund | Bidrar og sikrer kvalitet | Bidrar og sikrer kvalitet Bidar ved oppfølging | Varsler tidligst mulig om evt endringer til LN | Ingen fullmakt | Ingen fullmakt | Ingen tilgang |

Prosess og roller i Visma:

Kontering i Visma:

Bernt N. Bjordal for prosjekter som gjelder bygg

Geir Søndena for prosjekter som gjelder MTU

Kenneth Førland for prosjekter som gjelder IKT utstyr

Attestant:

Laila Nemeth

Stedfortreder for Laila Nemeth er Vidar Støyva og legges inn i fullmaktskartet/fakturasystemet

Fullmakts matrise ByggHgsd2020 gjeldende for 2018, datert 09.03.18

Anviser:

Olav Klausen

Det legges ikke opp til å bruke e-handel i bygg2020. For å få en god flyt og rett fordeling av inngående fakturaer er det viktig at leverandørene påfører rett prosjektnummer. Prosjektnummer må derfor oppgis ved bestilling.

Hgsd 07.09.2017

Olav Klausen
Administrerende Direktør